



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 05
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyret.no/reinheimen>

Saksbehandler Mari Melbø Rødstøl

Vår ref. 2025/9773-3 432.0

Dykkar ref.

Dato 30.09.2025

Referat frå møte i rådgjevande utval 25.09.25, på Norsk fjellsenter

Program:

12:30	Frammøte og lunsj på Norsk fjellsenter i Lom
13:00	Velkomen, presentasjon av deltakarar og innleiing v/styreleiar Terese Jemtegård Moen
14:00	Status og utfordringar i Reinheimen. Informasjon frå forvaltarar og SNO. Presentasjon av formidlingsprosjekt VR-film v/ Olav Tøfte, Norsk fjellsenter
15:00	Kaffepause og museumsrunde, v/Mai Bakken Norsk Fjellsenter
16:00	Gruppearbeid med innleiing frå forvaltar. Innspel til revisjon av forvaltningsplan frå rådgjevande utval
18:00	Middag på Brimibue
20:00	Ope torsdagsforedrag: «25 år med bevaring av fjellrev – vegen vidare og framtidsperspektiv»– Nina Eide, Seniorforskar i NINA

Deltakarar

Representant for	Namn
Lesja fjellstyre	Kristen Berg Øverli
Naturvernforb Ottadalen og Sel / FNF Innl	Tom Ording Dahl
DNT Sunnmøre	Synnøve Solemdal
Guide Romsdal	Urpua Hapuoja
Lesja kommune	Siri Skjelvik
Visit Jotunheimen	Marit Tangvik
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal	Knut Olav Festø
Norges Jeger og Fisk, Møre og Romsdal	Monica Malmedal
SNO	Per Olav Haugen
Naturvernforbundet Ottadalen og Sel / FNF Innlandet	Kjell Arne Teigen Jøndal (vara)
Lom kommune	Sander Sælthun
Nasjonalparkstyret	Terese Jemtegård Moen
Nasjonalparkstyret	Kristian Frisvold
Nasjonalparkstyret	Morten Kielland
Nasjonalparkstyret	Per Ivar Lied
Nasjonalparkstyret	Jan Peter Valde
Nasjonalparkstyret	Mariann Skotte
Nasjonalparkstyret	Kari Skjåkødegaard
Nasjonalparkforvalter	Kristine Sørli
Nasjonalparkforvalter	Mari Melbø Rødstøl

Nasjonalpark Reinheimen
Naturresevat Brettingsmoen
Landskapsvernområde Tafjorden-Reindalen, Trollstigen, Romsdalen, Lordalen, Finndalen, Ottadalen

Opning ved Styreleiar Terese Jemtegård Moen

Styreleiar for Reinheimen nasjonalparkstyre ynskta velkommen og tok ein presentasjonsrunde av alle deltakarane. Ho gjekk igjennom mandatet til rådgjevande utval og utfordringar ho synes Reinheimen nasjonalpark står ovanfor. Spesielt ville ho trekke fram utfordringane rundt bruk og vern som ved reiseliv/turisme og landbruk og rovvilt. Ho legg vekt på at det er viktig at folk har eigarskap til vernet og ikkje motstand, som kan oppstå i det å kunne ha eit levedyktig landbruk i verna område.

Per Olav Haugen i Statens Naturoppsyn (SNO) orienterte utvalet om status i Reinheimen og kva SNO jobba mest med i Reinheimen. Om vinteren går det mykje tid til jervesporing, sommaren til tilsyn, stiltrettelegging, sjekking og fóring av fjellrev i nye fóringautomatar. Om hausten går det mykje i oppsyn under villreinjakta og bestandsregistrering.

Olav Tøfte frå Norsk Fjellsenter hadde ein presentasjon om Fjellsenteret sitt undervisningstilbod med å nytt VR teknologi. Rådgivande utval fekk teste VR brillane. Nasjonalparkstyret for Reinheimen har vore med å støtta eit nytt undervisningsopplegg ved bruk av VR briller der både skuleelevar og turistar skal lære og få kunnskap. Formidlingsløysningane skal kunne nyttast av alle besøkssenter som er tilknytt Reinheimen og Breheimen.



Her får rådgivande utval teste undervisningsopplegg med bruk av VR-briller.

Forvaltarane Kristine Sørлие og Mari Melbø Rødstøl presenterte arbeid som er gjort i regi av Reinheimen Nasjonalparkstyret ila dei to siste åra.

Etter ei stutt **omvisning i hovedutstillinga på fjellsenteret v/ May Bakken** gjekk Kristine Sørлие igjennom status for arbeidet med revisjon av **forvaltningsplanen**.



GRUPPEARBEID:

Møtedeltakarane vart delt inn i fire grupper og vart bede om å komme med konkrete innspel til retningslinene i forvaltningsplan.

Kristian Frisvold	Jan Peter Valde	Morten Kielland	Terese Jemtegård Moen
Per Ivar Lied	Kristen Berg Øverli	Kari Skjåkødegaard	Marit Tangvik
Tom Ording Dahl	Siri Skjelvik	Kjell Arne Teigen Jøndal	Urpu Hapuoja
Mai Bakken	Monica Malmedal	Synnøve Solheimdal	Knut Olav Festø

GRUPPEOPPGÅVE 1

Endring i friluftsliv- og ferdselsformer

Ta utgangspunkt i retningslinjer under kap. 4.4.2 (Reinheimen NP) i forvaltningsplanen. Diskuter utfordringar og eventuelle endringar knytt til ferdselsformer som t.d. kiting og sykling.

- Forbod eller restriksjonar på kiting og/eller sykling?
- Er det behov for sesongavgrensingar eller andre tiltak?
- Korleis kan retningslinjene oppdaterast for å møte nye utfordringar?

GRUPPEOPPGÅVE 2

Motorferdsel (Reinheimen NO og Ottadalen LVO, Finndalen LVO, Lordalen LVO, Romsdalen LVO)

Ta utgangspunkt i retningslinjer som gjelder motorferdsel i forvaltningsplanen. Diskuter utfordringar og mogelege tiltak knytt til motorferdsel, leigekøyning, sårbare område og tider på året.

- Er dagens forbod og dispensasjonspraksis tilstrekkeleg?
- Bør det innførast strengare avgrensingar på leigekøyning og motorisert ferdsel?
- Korleis bør nødvendige transport regulerast?

Her er innspel frå gruppeoppgåvene som vart framlagde i plenum:

- Flytte rasteplass / informasjonspunkt / toalett ved Fauttjønn sidan denne plasseringa er midt i eit gammalt reins-trekk
- Regulering av bubil
 - stoppporbod mellom bommane ved Slådalsvegen
 - høgare pris på bomveg dersom ein ønskjer å stoppe
- Forbod mot kiting
- Unngå sykling utanom vegar
- Positivt med guida turar samanlikna med turar i privat regi
- Bra med leigekøyringsordninga
- Kan ein spore jerv på alternative måtar enn å bruke snøskuter?
- Traséane i forvaltningsplanen verkar greie
- Må sjå på reglane for bruk av luftfartøy. Bør vere ein regel om vertikal avstand i fjellet, ikkje berre loddrett
- Droneforbod
- Greitt med utkøyning av saltstein
- Greitt med motorisert ferdsel med båt slik det er i dag
- Vatningsanlegga bør få bestå
- Garnkassene bør registrerast med eigar og plassering



- Ved stenging av veg bør det også stengast for sykling
- Det bør finnast ein kompensasjonsordning ved tiltak for å betre verneverdiane
- Motorisert ferdsel frå Forsvaret har ingenting i nasjonalparken å gjere
- Vurdere campingforbod i Brøstdalen og i Lordalen
- Leggje ned stien frå Tunga til Pyttbua
- Bilforbod ved Fautjønn
- Sykkelforbod ved Lordalen
- Samordne køyring til hytter i løpet av to veker, koordinert av fjellstyra
- Hytter ved sommaropen veg treng ikkje snøskuterløyve
- Bør rydde opp i garnkasser ved vatn
- Forbod mot køyring på Lordalsvegen før 1. juli
- Det bør innførast strengare avgrensingar når det gjeld leigekøyning og motorisert ferdsel
- Ein bør time motorisert ferdsel betre i forhold til villreinens syklus og områdebruk
- Arbeide for betre informasjon og samarbeid med destinasjonsselskap
- Redusere talet på turar per hytte til berre éin tur i året

Bilete frå gruppearbeidet:



Alle presentasjonane er lagt ut på nettsida til Nasjonalparkstyret for Reinheimen:
<https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/styret/radgjevande-utval-25-september-2025>

Ref.
Mari Melbø Rødstøl
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

